

Protokoll styremøte

Møtenummer : 11/2016-2018
 Dato : 10.november 2017
 Klokka : 18.00-20.30
 Stad : Quality Hotel Sogndal

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Martine Viken		X		
1.vara Heien, Ingrid		X		
2.vara Grimseth, Stian		X		
Leversund, Anne, organisasjonssjef	X			
Ingrid Narum , plan og utviklingsleiar		X		
Erling Benjaminsen, økonomikonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte:

Måndag 4. desember -17 klokka 18.00
 Fred 2- laurdag 3.februar -2018.

Førde julemøte
 Bergen , felles styremøte Hordaland
 Regionalisering av SFIK /HIK

Nytt frå administrasjonen- Orienteringssaker

Nytt sidan sist v //Styreleiar, organisasjonssjef.

- Krinsleiar møte 2017
- Klubb-besøk
- Regionalisering Hordaland – Sogn og Fjordane
- Grenselaus idrettsdag 28.10.2017

Representasjon:

Krinsleiar møtet NIF, Bergen	29.09-01.10.17	Nils R Sandal, Anne Leversund
Opning rulleskibana Langeland skisenter	15.10.17	Arve Heimdal
Anleggskonferanse Sogn og Fj fylkeskommune	18.10.17	Ingrid Narum , Anne Leversund
Ungdoms NM i Vektløfting Sandane	04.11.17	Nils R. Sandal

Hovudtema for møtet var besøk av vår «fadder» i idrettsstyret Marit Roland .
Marit hadde ein gjennomgang og refererte frå :

- Åpenhetsdebatten ,Nif
- Regionalisering av Idrettskrinsane .
- Diverse informasjon frå Idrettsstyret .

Det vart ein god debatt med mykje spørsmål og diskusjonar. Gode innspel frå Idrettskrinsstyret på at det er viktig med denne type dialog med Idrettsstyret . Det vart høve til både innspel, spørsmål og diskusjonar . Eit kjekt og nyttig besøk. Marit deltok og på Idrettens møteplass på laurdagen.

SAKER :

45 2016 - 2018 Protokoll frå førre møte

46 2016 - 2018 «Årets ildsjel 2018» . Kandidat frå Sogn og Fjordane

Sak 45 **Protokoll frå førre møte**

Vedtak: Protokollen er godkjent

Bakgrunn : Jfr protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr 10/2016-2018

Sak 46 **«Årets ildsjel 2018» . Kandidat frå Sogn og Fjordane**

Vedtak: Sogn og Fjordane sin kandidat til Årets ildsjel 2018 er :
Per Birger Lomheim , Hafslo IL

Bakgrunn: Nominasjonen til Årets ildsjel 2018 er avslutta, og vi har fått oversendt finalistane frå Sogn og Fjordane. Idrettskrinsen har frist til 12.11 med å plukke ut fylket sin kandidat til den nasjonale eldsjelprisen, som skal delast ut på idrettsgallaen januar 2018.

I kriteriane står det :

Over heile landet er det tusenvis av frivillige eldsjeler som gjennom hele året legg ned en uvurderleg innsats for sine klubbar og utøvarar. Følgjande kriterier må oppfyllest for å bli nominert:

- Vedkommande har gjort ein solid innsats for idretten.
- Hun/han kan være enten trenar, tillitsvalt eller ha andre verv i idretten.
- Ikkje være heiltidstilsett.

I sak 23/2016-2018 vedtok styret at Årets frivillige i Sogn og Fjordane skulle samordnast med nominasjonen til årets eldsjel

Årets ildsjel 2017 frå Sogn og Fjordane var Atle Solheim , Selje idrettslag . Han var og med i finalen til Idrettsgallaen 2017.

Styret samordna denne utmerkinga med Årets frivillige i Sogn og Fjordane i 2017, men Atle Solheim har ikkje fått tildelt utmerkinga. Denne vert delt ut på Idrettskrinstinget 14.april 2018.



Anne Leversund
Organisasjonssjef